



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Norges vassdrags- og energidirektorat

Innsending av høringsuttalelse

Dato sendt: 19.06.2026 / 09:34

Mottaker: Norges vassdrags- og energidirektorat

Referansenummer: 41c90d82fd91

Kontaktinformasjon

Fornavn

THOMAS

Etternavn

RASTAD

Mobilnummer

90231663

E-postadresse

2masrastad@gmail.com

Saksopplysninger

Sakstittel

Låvi kraftverk

Skriv inn høringsuttalelse

Høringsuttale til Låvi Kraftverk og inngrep på Onstad, bruk 30/3 i samband med dette.

Syner til utleverte skriv og informasjon frå synfaring på Onstad.

Punkt 1: Plassering av mellombels massedeponi på bruk 30/3

Hafslunds plassering av deponi er gjort på ein måte som deler garden vår i to, då steindeponi og matjord-deponi nesten går frå berget og innslaget og heilt til gjerdet mot nabo. Tilkomst for dyra våre på innmarksbeite vår og haust er dermed betydeleg redusert.

På synfaring foreslo underteikna ei anna plassering, vedlagt er denne grovt foreslått, med eit tilsvarande areal, og like god tilkomst for innslag tunell og veg for bortkøyring av massar. Ein slik plassering vil i mykje mindre grad påvirke beite av garden.

Dette arealet har også potensial for eit varig deponi av mindre skala, estimert mellom 15 000 og 30 000 kubikkmeter masser. Meir om dette i eige punkt under.

Punkt2: Reinhet i massar og avrenning av ureinheter på matjord

Steinmassar frå sprengningsarbeid er per Miljødirektoratets og EUs regulativer definert som næringsavfall. Onstad er ikkje eit godkjent deponi for slikt avfall. Me imøteser ei profesjonell tredjeparts utgreiing om korleis slik lagring kan skje utan at ammonium, nitrat og andre kjemikalier frå sprengstoff og tunneldrift kjem i konflikt med matproduksjon på vår eigedom, og eit juridisk ansvar for evt opprydding av slikt avfall eller andre tiltak dersom dette vert eit problem for framtidige dyrkarar av jorda, ved til dømes endra krav og restverdiar i framtida.

Punkt3: Mellombels tap av avling

Arbeidet på Onstad, med deponi -uansett plassering, og anleggsveg, tek beslag på ca ein tredjedel av dyrka areal på garden. Vår største utfordring, etter bygging av stamveg E16, er tilgang på beite, særleg på våren, og me må ofre ca halvparten av første slått til beiting. Det tilsvarar arealet arbeidet her vil legge beslag på. Me får dermed eit direkte tap av avling i størrelsesorden 20-25 (tjue-tjuefem) tonn grovfor på første slått. I andre slått vil talet ligge 10-15 (ti-femten) tonn. Totalt eit årleg tap av avling på 30-40 (tretti-førti) tonn. Dette er fullt og heilt råd å kompensere ved kjøp av silo i rundball. Det er den enklaste og rimelegaste løysinga, men utsetter garden for moderat fare for ugrass-smitte.

Punkt4: Mellombels tap av arealtilskot

Deler av inntekta på garden er basert på antal kvadratmeter dyrka jord. Garden sine faste kostnader er basert på gardens inntektsnivå over tid. Eit bortfall av dyrkbart areal i ein periode vil føre til tap av potensielle tilskot.

Punkt 5: Mellombels tap av spreieareal

Ved mindre areal disponibelt på garden som nevnt over i punkt 4, er det også mindre areal å spreie husdyrgjødsel på. Etter 1.2.2025 legg dei nye gjødselsforskriftene strengere føringer for spreieing og lagring av husdyrgjødsel. Fram til 2033 er me i implementeringsfaser og krav til fosforverdiar i jorda vil variere etter eventuelt tidspunkt for oppstart med arbeidet med Låvi Kraftverk. Då dette er eit arbeid som krever prøvetaking av jord og analyser og utrekning av Norsk Landbruksrådgiving er det ikkje råd for oss å ha full oversikt over eventuelle meirkostnader til bortkøyring, eventuell mellombels deponering av husdyrgjødsel, eller eventuelle andre tiltak innan høringsfristen.

Punkt 5: Krysning av anleggsveg

Me kan ikkje sjå informasjon om utføring og evt inngjerding av anleggsveg. Me vil være avhengige av å kunne krysse denne året rundt for tilkomst til kompostplass for fôr- og slåtteavfall, ved-lager og -hogst, samt for dyr på beite. Me imøterser ein dialog for løysing av dette. Til dømes foreslår me ei løysing med grinder, elektrisk fe-rist eller ei gangbru dimensjonert minimum for småfe og mindre køyretøy, typisk ATV med tilhenger. Me treng også tilkomst for oppstillingsplass for reidskap og tilhengarar året rundt, for plassen mellom ura og bøen. Dette forutsetter køyring på anleggsveg

Punkt 6: Varig deponering av masser på 30/3

Sjå eige kartutsnitt vedlagt

Garden har ein terrengprofil med fleire nivå basert på erosjon frå elv og fjord sida siste istid. Langs kommunal veg langs fjorden, frå «Raudekors-huset» til «Fjordsenteret» er der i dag ei renne som ligg lågare enn kommunal veg. På lågaste punktet er denne berre 1,65 over «sjøkart-null». Denne renna er den plassen på garden med mest matjord, då laget her er ca 1 meter tjukt, contra ca 35cm på flata rett overfor. Ergo ligg her matjord ca ein halv meter over havet. Då der foreligger modeller som tilseier ei stigning av havnivå i kommande år er denne matjorda utsatt for potensiell erosjon eller forsøling i framtida.

Som tiltak for å hindre dette ønsker me å heve terrenget her, potensielt heilt til kommunal veg.

Ved å plassere eit mellombels deponi som foreslått under «Punkt 1» over, vil ein her kunne mellombels lagre ønska mengde massar, og i tillegg få plass til 15-30 000 (femten til tretti tusen) kubikkmeter stein ved å heve terrenget som beskrevet. Dette anslaget er utrekna av landmålingsingeniør i 2018.

Ved å fordele matjorda i eit gjevnamt sjikt ved tilbakeføring etter endt anleggsarbeid, enn det er på garden i dag, vil garden framstå som meir framtidretta og enklare å drive i framtida og komme styrka ut av ei periode med anleggsdrift.

Me er kjent med at Hafslund har infrastruktur i form av fiberkabel som i dag krysser dette areal. Me meiner denne ikkje kjem i konflikt med

foreslått tiltak.

Slik dette forslaget er av oss beskrevet vil det ikkje være snakk om heving av arealet meir enn 3 meter på noko punkt. Slik me ser det er det difor ikkje søknadspliktig i henhold til lovar og reglar om jordforbedring av landbruksareal. Hafslund, utbygger eller representant for denne må gjere eiga vurdering av dette.

Punkt 7: Bekjemping av ugras

Me vil be om at alle oppsamlingar av jord som skal ligge i meir enn tre veker vert istrødd såfrø eller tildekka. Dette for å hindre ei oppblomstring av ugrasvekster som seinare havnar på dyrka mark. Alternativt må garden i ei lengre periode etter tilbakeføring få kompensert alle kostnader til å bekjempe ugras. Dette vil gjelde eventuelle erverv og sertifisering av personell og utstyr, alternativt innleige av kompetent personell og utstyr til dette arbeidet.

Last opp vedlegg

Navn	Filstørrelse
 Kartutsnitt Deponiforslag Låvi Kraftverk .pdf	624.81 KB
 Masser på nedste bøen 1 .png	2.45 MB
 Permanent Deponi Onstad 30-3 Låvi Kraftverk .pdf	367.99 KB
 Terrengprofil etter utgjevning .png	12.90 KB
 Terrengprofil før utgjevning .png	7.52 KB